

Klage på NVE sitt vedtak – Sauda transformatorstasjon

Til: Energidepartementet

Sendast via: Noregs vassdrags- og energidirektorat, nve@nve.no

Sak: Klage på NVE sitt vedtak om tiltak ved Sauda transformatorstasjon

NVE ref.: 202603422-6

Sauda 27.05.2026

Eg viser til NVE sitt vedtak som eg mottok av Statnett 07.05.2026, der Statnett SF får tillatelse til tiltak ved Sauda transformatorstasjon. Eg klager nå innanfor fristen. Eg klagar på den delen av vedtaket som gjeld omlegging av Austarheimsvegen i samband med nytt lagerbygg. Eg ber om at denne delen av vedtaket vert omgjort. Eg ber om at det vert sett vilkår om at Statnett ikkje kan starte arbeid med vegomlegginga før nødvendig privatrettsleg tvistar er løyst opp og at vilkåra i konsesjonen er overheldt. Eg ber også om utsatt iverksetting for vegomlegginga fram til klagen er endeleg avgjort.

Det ligg føre ein avtale frå 2019 mellom Statnett og rettshavarane til Austarheimsvegen. Etter mitt syn er det klart fastsett i avtalen at ei eventuell omlegging ikkje skal påføre rettshavarane lengre køyring. NVE legg sjølv til grunn at den omsøkte omlegginga fører til at vegen vert om lag 20 meter lengre, og at det framleis er usemje mellom partane om dette er innanfor avtalen. Statnett meiner forlenginga er ubetydeleg. Eg er ikkje samd i dette.

Eg forstår at NVE ikkje avgjer sjølv avtaletvisten mellom meg og Statnett. Men når NVE gir løyve til ei vegomlegging som føreset ein omstridd rett, bør NVE som minimum stille vilkår om at Statnett må dokumentere nødvendig privatretslege avtaler er i orden.

Eg meiner Statnett ikkje har delteke i reelle forhandlingar for å finne ei minneleg løysing. Eg har over tid kome med fleire konkrete framlegg, mellom anna knytt til kjøp av området «Tre», langsiktig avtale, kompensasjon og praktiske løysingar for gardsdrifta. Desse framlegga er avviste.

Statnett har på si side berre kome med eit tilbod om kr 5 000 i kompensasjon. Etter mitt syn står dette ikkje i rimeleg forhold til ulempene vegomlegginga medfører.

Eg har motteke informasjon frå Statnett om at anleggsarbeidet skal starte 1. juni. Etter det eg forstår omfattar dette både stenging av veg i ei veke grunna utviding av veg og sprenging av knaus, samt oppstart på ny vegtrasé i skogsområde der det må ryddast skog.

Dette framstår som problematisk sett opp mot NVE sine eigne vilkår i vedtaket. NVE har sett som vilkår at skogrydding og sprengearbeid som hovudregel skal skje utanfor hekkeperioden for fugl frå april til august. NVE skriv også at skogrydding så langt det er praktisk mogleg bør starte om hausten etter at trekkfuglar har forlate området.

Slik eg ser det, ligg det ikkje føre nokon tungtvegande grunn til at dette arbeidet må starte 1. juni. Arbeidet gjeld vegomlegging og tilrettelegging, og kan etter mitt syn vente til etter hekkesesongen. Ei utsetjing til hausten vil både vere meir i tråd med NVE sine vilkår og gi partane betre tid til å avklare den privatrettslege tvisten om Austarheimsvegen.

Dette er eit grunnlag for at NVE bør gi utsatt iverksetting for vegomlegginga, stille vilkår om at nødvendig privatrettsleg grunnlag må vere avklart før Statnett kan starte arbeid med vegomlegginga.

Med helsing

Tone Løland Haugen

Austarheimsvegen 286

4200 Sauda

Tlf.: 902 07 003